



Referansar: KR 12/10; KM 5.1/12

Nye salmar i salmedatabasen til Den norske kyrkja

Samandrag

I saksutgreiingane til Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet i samband med *Norsk salmebok 2013*, er det lagt til grunn at salmeboka skal følgjast opp med at nye salmar blir tilførte salmedatabasen til Den norske kyrkja. Denne saka gjeld kva slags prosedyre som er tenleg for val av nye salmar til salmedatabasen, korleis salmane skal godkjennast og kva for status skal dei ha.

Forslag til vedtak

Kyrkjerådet gjer følgjande vedtak:

1. Kyrkjerådet vedtar at utvalet av nye salmar i salmedatabasen til Den norske kyrkja blir handsama i Nemnd for gudstenesteliv. Nemnda innstiller til direktøren i Kyrkjerådet, som fattar endeleg vedtak. Kyrkjerådet og Bispemøtet får orientering om utvalet av salmar.
2. Talet på nye salmar som leggjast inn i databasen bør vere om lag 20–30 kvart år.

Saksorientering

Bakgrunn

Ved kongeleg resolusjon av 13. oktober 2006 blei liturgisakar, inkludert salmebok, overførte frå departementet til demokratisk valde kyrkjelege organ. Det vil seie at endeleg vedtak om autorisering av salmebok blir fatta av Kyrkjemøtet, ikkje ved kongeleg resolusjon. Difor var det Kyrkjemøtet som i april 2012 vedtok å autorisera *Norsk salmebok 2013*.

Saksdokumentet til møtet i Kyrkjerådet i mars 2010 (KR 12/10) seier:

«Utviklingen i arbeidet med salmedatabase åpner for å ha en høy grad av tilgjengelighet på viktige salmer som ikke har fått plass i kirkens hovedsalmebok. Dette gjelder både viktig tradisjonsstoff og nyere salmer.»

I saksdokumentet til Kyrkjemøtet i 2012 (KM 5.1/12) står det:

«... det skal byggjast opp ein salmedatabase på Internett, i tråd med sterke ønskjer i Nemnd for gudstenesteliv – og i høyringa. Kyrkjerådet skal ha det redaksjonelle ansvaret for denne databasen, som blir etablert og drifta av Eide Forlag. Her kan ein finne mange av dei salmane som no av omsyn til plassen blir ståande utanfor salmeboka. Her kan kyrkjelydane hente inn salmar til gudstenesteagendaene sine eller til elektronisk framsyning i kyrkja, akkurat som dei kan med salmane frå salmeboka. Dette blir ein betalingsnettstad, som dermed vil sikre at dei som har opphavsrett til salmane, får si rettmessige betaling i tråd med avtaler som er inngått. Salmedatabasen blir ein modul i det digitale gudstenestebiblioteket.»

I tråd med det som har vore ønskt i høyringa for *Salmebok 2008*, og som har vore lova i saksdokumentet til Kyrkjemøtet i 2012, må det etablerast ei ordning for korleis dei nye salmane som skal få plass i databasen, blir valde ut. Desse salmane skal leggjast inn i den same basen der ein finn salmane i *Norsk salmebok 2013*, med tilgang for alle som har tilgang til salmeboka.

Status for dei nye salmane

Da *Salmer 1997* blei laga, var det ikkje departementet som stod for godkjenninga, sjølv om liturgisaker var deira ansvar. Fordi boka fekk status som forsøkssak, ikkje som autorisert salmebok, var det Kyrkjerådet som i ekstraordinært møte 15. november 1996 godkjende boka som «liturgisk forsøkssak til bruk i dei kyrkjelydane som gjer vedtak om det». (Forskjellen på liturgisaker og liturgiske forsøkssaker er at vedtak i forsøkssaker blir fatta av Kyrkjerådet, ikkje av Kyrkjemøtet, jfr. *Regler for behandling av liturgisaker* § 7.)

I den aktuelle samanhengen er det ikkje føremålstenleg å følgje prosedyren for liturgisaker eller liturgiske forsøkssaker. Salmedatabasen har ikkje same status som den autoriserte salmeboka. Kyrkjemøtet har bede om ei ordning der nye salmar leggjast inn i databasen, slik at kyrkjelydane kan få ein enkel tilgang til nye og eldre salmar, som etter

ei fagleg vurdering kan presenterast i databasen. Da den nye salmeboka blei behandla, opna Kyrkjemøtet for å bruke salmar frå fleire kjelder i gudstenestene. Det gir grunnlag for å auke tilgangen til kvalitetsikra materiale utan å definere det som ei læresak som krev behandling etter regelverket for liturgisaker. Det er òg enklare å kunne fjerne ein salme frå salmedatabasen enn frå ei trykt bok. Når Bispemøtet får orientering om utvalet, kan møtet eventuelt gje kommentarar til læreinhaldet i salmane, om dei skulle ha merknader.

Prosedyre for utval av salmar

For å gjere utvalsprosessen minst mogleg komplisert, innstiller administrasjonen i Kyrkjerådet på at arbeidet med vurdering og utval av aktuelle salmar først blir handsama i Seksjon for gudstenesteliv og kultur i Kyrkjerådet, som så legg fram eit forslag til Nemnd for gudstenesteliv.

I statuttane til Nemnd for gudstenesteliv som Kyrkjerådet vedtok i 2013 (KR 71.13) heiter det:

- § 1.1 NFG er et rådgivende fagorgan for Kirkerådet og rapporterer til Kirkerådet.
- § 1.2 NFGs arbeidsområde er kirkens gudstjenesteliv, som omfatter spørsmål vedrørende kirkens liturgi, hymnologi, liturgiske klær/utstyr og økumenisk gudstjenesteliv.

Vidare heiter det:

- § 2.1 NFG har 10 medlemmer. Blant disse oppnevner Bispemøtet sin representant og vararepresentant. I tillegg oppnevner Kirkerådet 2 varamedlemmer. Samisk kirkeråd oppnevner et konsultativt medlem med møterett, men ikke møteplikt.
- § 2.2 NFG oppnevnes av det valgte Kirkerådet, som også utpeker leder for nemnda.

NFG velger selv nestleder.

Sidan Kyrkjerådet har oppnemnd dette fagorganet som òg omfattar hymnologi, og sidan Bispemøtet har oppnemnd sin representant i nemnda, er det naturleg at Nemnd for gudstenesteliv står for den faglege vurderinga av dei aktuelle salmane og kjem med ei innstilling til direktøren i Kyrkjerådet, som tek den endelege avgjerdta.

Ei orientering om utvalet av salmar går både til Kyrkjerådet og Bispemøtet.

Talet på nye salmar

Av omsyn til sikring av kvalitet – og for ikkje å gjere det for krevjande for brukarane å vere oppdaterte på innhaldet i databasen – bør talet på salmar som leggjast inn i basen, haldast på eit rimeleg nivå, som til eksempel 20–30 salmar årleg. Normalt bør desse fordelast på to puljar, ein om våren og ein om hausten. Det vil i løpet av ein tiårsperiode gje om lag 250 nye salmar i databasen, det vil seie om lag same tal som i *Salmer 1997*.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Arbeidet med vurdering og utval av salmar til databasen blir vareteke av dei som allereide er tilsette i Kyrkjerådet og dei som er oppnemnde som medlemmar av Nemnd for gudstenesteliv. Ein treng med andre ord ikkje å tilføre ekstra stillingsressursar til arbeidet.

Ein må rekne 1-2 månadsverk i Kyrkjerådet kvart år for å gjere dette arbeidet. Det blir vurdert til ca kr. 100 000 årleg.

Når det gjeld klarering av rettigheiter med opphavspersonar og andre – og når det gjeld den økonomiske sida av saka – er det ein føresetnad at Eide forlag tar hand om dette på same måte som med salmeboka og dei andre liturgiske publikasjonane.

Prisen som kyrkjelydane no må betale for abonnement på salmedatabasen, blir ikkje endra ved at nye salmar leggjast inn i databasen.